

# NAMN OCH BYGD

TIDSKRIFT FÖR NORDISK  
NAMNFORSKNING



109 · 2021



# NAMN OCH TIDSKRIFT FÖR NORDISK NAMNFORSKNING BYGD

UTGIVEN AV KUNGL. GUSTAV ADOLFS AKADEMIEN  
FÖR SVENSK FOLKKULTUR

REDAKTÖRER  
STAFFAN NYSTRÖM, EVA NYMAN, INGE SÆRHEIM

REDAKTIONSRÅD  
TERHI AINIALA, VIBEKE DALBERG, LARS-ERIK EDLUND,  
LENNART ELMEVIK, BENT JØRGENSEN, MICHAEL LERCHE NIELSEN,  
SVAVAR SIGMUNDSSON

*With English summaries*

Årg. 109 · 2021



KUNGL.  
GUSTAV ADOLFS AKADEMIEN  
FÖR SVENSK FOLKKULTUR  
UPPSALA

*Distribution*  
eddy.se ab  
VISBY

Utgivet med bidrag från Nordiska publiceringskommittén för  
humanistiska och samhällsvetenskapliga tidskrifter (NOP-HS)

För bedömning av manuskript till uppsatser i Namn och bygd anlitas  
vetenskapliga granskare utanför redaktionen

ISSN 0077-2704

© Respektive författare

Produktion: eddy.se ab, Visby 2021  
Tryck: RK Tryck, Uppsala 2021

# Innehåll

<i>Hagåsen, Lennart: Dagön i dager och Daglö i skugga</i> . . . . .	59
<i>Hedberg, Johan: Namnböcker och namnbyråer. En undersökning av statlig och kommersiell inblandning i ansökningar om nybildade efternamn åren 1925 och 1945</i> . . . . .	127
<i>Helset, Stig J.: Kan stadnamn ha mening? Ein studie av metafor og metonymi i fjellnamn</i> . . . . .	105
<i>Källström, Magnus: Ett försvunnet personnamn på runstenen U 494 i Husby-Långhundra kyrka</i> . . . . .	35
<i>Nyström, Staffan, Nyman, Eva &amp; Særheim, Inge: Namn och bygd får ny undertitel</i> . . . . .	5
<i>Schmidt, Tom: Bostedsnavn og seternavn i Jämtland</i> . . . . .	89
<i>Strandberg, Svante: Djulborum, *Rundarum och Öknaborum. Ett sörmländskt bruk av ortnamnselementet -rum</i> . . . . .	71
— <i>Flocken och Fluxerum. Till frågan om -nir i svenska sjönamn</i> . . . . .	27
— <i>Rånnaväg i Gällstad</i> . . . . .	81
<i>Særheim, Inge: Fjogstad, Nyvlest, *Ævest. Sørvestnorske øydegardsnamn på -stad frå førhistorisk tid</i> . . . . .	7
<i>Williams, Henrik: Sm 79† rakk</i> . . . . .	47

## Smärre bidrag

<i>Strandberg, Svante: Lebro i Kattnäs</i> . . . . .	145
— <i>Sjönamnet Luntan i Fellingsbro</i> . . . . .	148
<i>Vikstrand, Per: Varnhem</i> . . . . .	151

## Recensioner

<i>Julita gård. Människor och landskap under tusen år. [Red. av] Ulrich Lange &amp; Göran Ulväng (2019). Rec. av Svante Strandberg</i> . . . . .	153
<i>Making the Profane Sacred in the Viking Age. Essays in Honour of Stefan Brink. Ed. by Irene García Losquiño, Olof Sundqvist &amp; Declan Taggart (2020). Rec. av Anders Carlsson</i> . . . . .	155
<i>Det medeltida Sverige 2. Södermanland 7. Åkers härad. [Av] Christian Lovén (2020). Rec. av Svante Strandberg</i> . . . . .	159
<i>Namn i skrift. Names in Writing. Handlingar från NORNA:s 48:e symposium i Göteborg den 29–30 november 2018. Red. av Maria Löfdahl, Michelle Waldispühl &amp; Lena Wenner (2020). Rec. av Terhi Ainiola</i> . . . . .	160
<i>Namn och namnvård. Vänskrift till Annette C. Torensjö på 60-årsdagen den 18 november 2020. Red. av Staffan Nyström, Svante Strandberg &amp; Mats Wahlberg (2020). Rec. av Inge Særheim</i> . . . . .	164
<i>Recognition, Regulation, Revitalisation. Place Names and Indigenous Languages. Proceedings of the 5<sup>th</sup> International Symposium on Place Names 2019. Jointly organised by the Joint IGU/ICA Commission on Toponymy and the UFS. Clarens, South Africa, 18–20 September 2019. Ed.: Chrismi-Rinda Loth (2020). Rec. av Staffan Nyström</i> . . . . .	166
<i>Svenskt diplomatarium 12:1. 1381. Utarbetat av Claes Gejrot, Oliver Blomqvist, Ingela Hedström, Sara Risberg &amp; Peter Ståhl (2020). Rec. av Svante Strandberg</i> . . . . .	169

<i>Eivind Weyhe: Fjallanøvn i Føroyum (2020). Rec. av Eva Nyman</i> . . . . .	170
Författarna i denna årgång . . . . .	173
Förkortningar . . . . .	175

## Namn och bygd får ny undertitel

»Namn och bygd. Tidskrift för nordisk ortnamnsforskning» har burit exakt denna titel och undertitel sedan den första volymen år 1913. Idag kan vi dock konstatera att den beskrivande undertiteln inte längre stämmer. Namn och bygd rymmer mer än bara ortnamnsforskning och har gjort så ganska länge. I de senaste årgångarna ingår exempelvis även artiklar om dagens svenska efternamn, om personnamn i runinskrifter, om båt- och fartygsnamn, om lingvistiska landskap – ett forskningsfält som berör många olika typer av namn – och om ämnen av mer övergripande namnteoretisk art. Denna breddning av tidskriftens undersökningsmaterial och studieobjekt – jfr redaktionens kommentar i NoB 107 (2019) – har gjort att dess undertitel »nordisk ortnamnsforskning» blivit allt mindre träffande. Från och med 2021 års volym (109) kommer därför denna att ändras till det öppnare och nu mer korrekta »Tidskrift för nordisk namnforskning».

*Staffan Nyström*

*Eva Nyman*

*Inge Særheim*





# *Fjogstad, Nyvlest, \*Ævest*

Sørvestnorske øydegardsnamn på *-stad* frå førhistorisk tid

*Av Inge Særheim*

*Namn och bygd* 109 (2021), 7–25.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: *Fjogstad, Nyvlest, \*Ævest*: South-west Norwegian *-stad* names for prehistoric deserted farms.

## **Abstract**

A number of toponyms ending in *-stad* or *-land* in south-western Norway are linked to deserted farms from prehistoric times. Several of these names are identical to and seem to be of the same type and age as ancient Norwegian farm names with these two final elements. Names ending in *-land* are discussed in an article in *Namn och bygd* 108 (Særheim 2020). This article deals with names in *-stad*. Such names have most likely been passed on through the centuries in the local language as a result of the farmland having been used up to the present day by a neighbouring farm. The names thus seem to reflect and throw light on prehistoric naming of farms and settlements in this area.

Keywords: Norway, toponyms, settlement names, farm names, names ending in *-stad*, deserted farms.

## 1. Innleiing

I Norges landbrukshistorie skriv Bjørn Myhre (2002) at det i eldre jernalder var om lag 440 gardstun på Jæren. I tillegg til dei 260 historisk kjende gardane, der det ved tunet eller innmarka er påvist spor etter gardsbusetjing frå romartid og folkevandringstid, er det funne spor etter minst 180 øydetun «med hustufter og åkerland på morenerygger og høyder med tørrlendt jord, noen på nåværende innmark et stykke fra gårdstuna, andre i utmark og langt fra dagens bebyggelse» (op. cit. s. 130 ff.). Arkeologar som har undersøkt slike øydegardar, har understreka at det ofte er knytt eit namn med etterleddet *-land* til vedkomande stader (Petersen 1933, 1936). Slike øydegardsnamn synest vera av same typen som vanlege gardsnamn av *land*-typen (Særheim 1999, 2020), i så fall førhistoriske namnelagingar. Med nemninga *øydegardsnamn* er det her meint eit namn som er nytta om eller nær knytt til tuftene av eit gardsanlegg som har vore fråflytt i ein lengre periode.

Frå eit avgrensa område i Sørvest-Noreg der det i tillegg til matrikkelgardsnamna er registrert mange – truleg minst 150 – namn med etterleddet *-land* som synest vera knytte til busetjingsspor frå jernalderen (Særheim 1999 s. 167 ff., 308 ff., 2020 s. 25), finn ein også namn som høyrer til andre gardsnamntypar, bl.a. namn på *-stad*, *-heim* og *-bø*. Av moglege øydegardsnamn på *-stad* er det registrert minst 24; i dette området er det 78 matrikkelgardsnamn på *-stad* og 288 på *-land*. I og med at slike øydegardsnamn synest vera av same typen som vanlege gardsnamn (namn på matrikkelgardar) av vedkomande namneklassar, vil det vera av interesse å sjå nærare på dei, for slike namn kan venteleg bidra til å kasta lys over busetnadsnamngjevinga i forhistorisk tid. Målet med denne artikkelen er å kartleggja og presentera øydegardsnamn på *-stad* i eit avgrensa område i Sørvest-Noreg, vidare å vurdera i kva grad ein kan rekna med at det her er tale om gamle busetnadsnamn av *stad*-klassen, og dessutan å sjå om slike namn kan gje viktig informasjon om denne namnetypen, bl.a. om alderen til namna. I denne artikkelen er øydegardar og øydegardsnamn som er omtala, lokaliserte til vedkomande matrikkelgard og kommune, t.d. «*Fjogstad* (Foss-Vatne, Sandnes)», dvs. øydegarden *Fjogstad* på matrikkelgarden Foss-Vatne i Sandnes kommune.

Denne artikkelen om øydegardsnamn med endinga *-stad* kan lesast som eit framhald av artikkelen om øydegardsnamn på *-land* i NoB 108 (Særheim 2020). I den sistnemnde artikkelen er det gjort greie for ulike avgrensingar, bl.a. av det undersøkte området; det er dessutan orientert om namnregistreringa, om det busetnadshistoriske bakteppet for gardsnamngjevinga i området og om mogleg bakgrunn for nedlegginga av gardsdrifta og fråflyttinga frå øydegardane i eldre jernalder.

## 2. Nokre øydegardar med *stad*-namn som er omtala av arkeologar og gardshistorikarar

### 2.1. \*Rappstad

Til nokre av øydegardane frå Rogaland som arkeologen Jan Petersen undersøkte i 1930-åra, er det knytt eit namn med endinga *-stad*. Eitt av døma er øydegarden på *Rappstadneset* på Årstad (Eigersund), der Petersen reknar med eit eldre namn \**Rappstad* (Petersen 1933 s. 21 ff.). Øydegardstuftene på denne staden ligg på eit noko flatt nes ved den vesle fjordarmen Lygre. Funnmateriale og ei hustuft på staden er av Petersen datert til tidleg vikingtid (tidleg 800-tal). Han skriv at denne dateringa er av interesse i samband med det rekonstruerte øydegardsnamnet \**Rappstad*, og han viser med det til at *stad*-namna tradisjonelt er daterte til denne perioden (og dei to føregåande hundreåra) av bl.a. Rygh

(NG Indl. s. 77) og Olsen (1926 s. 95 f.). Vonleg er det ikkje grunn til å stilla spørsmål om dateringa av funna på staden kan ha vore påverka av den tradisjonelle dateringa av denne namneklassen, i så fall fare for ringslutning.

*Rappstad* førekjem også som namn på ein matrikelgard i Eigersund (tidlegare Helleland), skrive *Raffstadt* 1563 og *Rapstad* og *Rabstad* 1610. Det er i NG (10 s. 65) tolka som gno. \**Rappsstaðir*, samansett med mannsnamnet (*H*)*rappr*, som vart nytta på Island i landnåmstida. Same namnet har ein rekna med i bl.a. gardsnamnet *Rafstad* frå Vang (Hedmark, NG 3 s. 94). Som kjent er det tradisjonelt (bl.a. i NG) rekna med at busetnadsnamn på *-stad* har eit personnamn eller persontilnamn – oftast eit mannsnamn – som føreledd. Men det synest også vera grunnlag for å tolka føreleddet i *Rappstad* som eit naturnemne som har samband med gno. *rapptr* m. ‘stokk, raft’. Dette ordet førekjem i namn på høgder og fjell i området, jf. *Raptåsen*, som er grensepunkt mellom gardane Støla, Eigeland og Grøsgjel i Eigersund, den sistnemnde er grannegard til matrikelgarden Rappstad (Særheim 2007 s. 179 f.). Ei slik laging kunne sikta til ein topp eller ein annan rett eller bratt terrengformasjon i området. Tunet på matrikelgarden Rappstad ligg rett under den markante toppen Hushammaren. Ca. 1 km nordaust for tunet finn ein elles bygdeborga *Rappstadborga* (-ene); ein dal like ved heiter *Borgardalen* (Waula 2020 s. 17–18). Slike bygdeborger blir gjerne daterte til folkevandringstida. Ein kan truleg rekna med at øydegardsnamnet \**Rappstad* frå Årstad er eit busetnadsnamn av *stad*-klassen som går attende til førhistorisk tid.

## 2.2. Sverkestad

Frå matrikelgarden Skåra i Eigersund nemner Petersen øydegarden *Sverkestad*, der det er mange hustufter; fleire av dei er øydelagde, og nokre skal visstnok vera frå nyare tid (Petersen 1933 s. 113). Petersen skriv at han ikkje har undersøkt tuftene, og han gjev ikkje noka datering av dei. Dette øydegardsnamnet er skrive *Suerckestad* 1616, ca. 1620 og 1668, og *Suerchingstad* 1723. Som føreledd er Olsen i NG (10 s. 93) – i samsvar med personnamnteorien – inne på mannsnamnet gno. *Sverkir*, som er kjent i Noreg frå byrjinga av 1200-talet, men som kan ha vore i bruk i førkristen tid. Han drøftar også eit mogleg naturnemne som føreledd, nemleg samansetjing med eit vassførenamn gno. \**Sverka*, laga til eit gno. \**svirka* vb., svarande til geng. *sweorcan* vb. ‘mørkna’. Elvenamnet *Sverka* vert nytta om ei av hovudelvane på Namdalseidet, og skylde elvenamn førekjem også andre stader (NE s. 257). Det er likevel vanskeleg å finna reall grunnlag for eit slikt vassførenamn i Sverkestad-området, for det skal ikkje vera noka vassføring på denne staden.

Arvid Midbrød (1963 s. 61 f.) set namnet *Sverkestad* i samband med *Surteskaret* frå same området, der føreleddet siktar til noko som er mørkt (svart).

Han set dette i samanheng med geologiske tilhøve på staden, og han nemner også namnet *Surtemyra* frå Tofte i Lyngdal, der føreleddet i NG (9 s. 233) er tolka som *surte* (*svorte*) f. 'svertejord, jernhaldig sumpjord (brukt som fargestoff)'. Dette ordet er vanleg i stadnamn frå Rogaland, jf. *Surtepollen* (Bråland, Gjesdal), nytta om ein poll der ein henta surte (svertejord) til farging av klede (Særheim 2002 s. 181), dessutan *Surtemyra* frå Anda (Klepp) og *Surtebekken* frå Kvalbein (Hå). Real bakgrunn i mørk jord og mørkt vatn, gjerne myrlende, kan såleis synast rimeleg for namnet *Sverkestad*, minst like rimeleg som det nemnde personnamnet. Dette øydegardsnamnet frå Skåra kan venteleg reknast som eit gammalt busetnadsnamn av *stad*-klassen.

### 2.3. Fjogstad

På matrikkelgarden Foss-Vatne i Høyland fjellbygd (no Sandnes kommune) finn ein øydegarden *Fjogstad* (fig. 1). Myhre (1972 s. 33) har undersøkt staden og skriv at dette er eit heilt uskadd gardsanlegg med to eller tre tufter som er ca. 20 m lange. Staden ligg høgt og fritt. Ein 50 m lang geil fører mot vest, og utgarden kan følgjast rundt heile åkerlandet. Under prøvegraving i 1964 vart det funne grove, uornerte leirkarskor under utgarden og under ei rydningsrøys, truleg frå eldre jernalder.

Ein finn *Fjogstad* (uttala /'fjåksta/) også som matrikkelgardsnamn to stader på Jæren, nemleg i Sandnes (*Fiogstad* 1616) og Klepp (*Fiogstad* 1668). Som føreledd i dette namnet reknar O. Rygh i NG (10 s. 128, 163) med eit elles ukjent mannsnamn gno. \**Fljúgr*, som kanskje også i *Fjukstad* (Vikna) og *Fløgstad* (Sauda), men Olsen vurderer denne tolkinga som uviss (loc. cit.). Rimelegare synest samband med verbet gno. *fljúga* 'flyga', uttala /'fjo:ga/ i nedervd jærsmål, jf. nyno. *fljug* n. 'bratt stad' og *flog* n. 'bratt fjellvegg, bratte'. Real bakgrunn for ei slik laging kan vera bakkar, brattlende eller berg på stadene. Denne tolkinga høver med topografien på dei tre stadene med namnet *Fjogstad*, og for *Fløgstad* i Sauda, dessutan for eit tapt busetnadsnamn *Flegstad/Fløgstad* (*Fløgstadt* 1602) frå Rennesøy (NG 10 s. 265, Særheim 2007 s. 63, 66). Øydegardsnamnet *Fjogstad* frå Foss-Vatne må kunna reknast som eit busetnadsnamn av *stad*-klassen frå førhistorisk tid. Det same kan seiast om namnet *Flegstad/Fløgstad* frå Rennesøy.

### 2.4. Svebastad

Frå Høyland fjellbygd (no Sandnes kommune) omtalar Myhre (1972 s. 79) også øydegarden *Svebastad*, omtala som øydegard ca. 1626 (*Sibaldstad*), men som eigen gard i 1343 (*a Sippalzstodum*). Lokal uttale er /'sve:basta/. Garden har truleg lege øyde etter svartedauden fram til ca. 1661, då staden er nemnd som




Fig. 1. Øydegarden *Fjogstad* på Foss-Vatne (Sandnes). Her er to hustufter, som baa er ca. 20 m lange. Ein ca. 50 m lang geil fører ut frå det eine huset mot vest. Utgarden kan følgjast samanhengande rundt heile åkerlandet. Illustrasjonen er henta frå Myhre 1972 s. 35.

husmannsplass, jf. elles at det i kanten av denne lokaliteten ligg eit gardsbruk med namnet *Øydgarden*. I kanten av moreneflata der garden *Svebastad* ligg, er det funne ein stor bronsekjele som kan daterast til den yngste romartida (Hauken 2005 s. 80, 105, 133), men det er noko uvisst om dette funnet kan setjast i samband med garden *Svebastad*. Denne kjelen, som skal ha romma 150 liter, skal vera den neststørste i sitt slag som er funnen. Aurenes (1952 s. 207) skriv at *Svebastad* truleg var den første prestegarden i Gandsokna, og at presten Sigurd budde der i 1343. Seinare kom garden inn under kyrkjegarden *Høyland*. Ifølgje Aurenes (loc. cit.) meiner folk at føreleddet kjem av ordet *svepe* f. og at det såleis med dansk form vart skrivne *Svøbestad*.

Men også i dette namnet held Olsen (NG 10 s. 178) seg til personnamnteorien og tolkar føreleddet som eit elles ukjent mannsnamn eller mannstilnamn gno. \**Svipaldr* (gno. \**Svipaldsstaðir*) eller \**Svipall* (gno. \**Svipalsstaðir*). Det sistnemnde er av Olsen (loc. cit.) oppfatta som ei mogleg sideform til gno. *svipull* ‘kortvarig, forgjengeleg’ (svarande til gno. *svipligr*), men som også har kunna brukast anten som gno. *svipligr* i tydinga ‘som vekkjer ubehag (av utsjånad)’, eller som folkespråkets *sviþleg* ‘anseeleg, som tek seg godt ut; flink, behendig’ (loc. cit.). Denne forklaringa er uviss.

I diskusjonen av gardsnamnet *Svikebøl* frå Hobøl (Østfold), skrive *Swipubøle* og *Suipubøle* i RB (ca. 1400), er det for føreleddet i NG (1 s. 380) bl.a. føreslått eit vassførenamn gno. \**Svipa*, laga til gno. *svipa* vb. med bakgrunn i raske rørsler, kanskje brukt om Hobølelvas utlaup av innsjøen Mjør. Også eit mogleg mannstilnamn er nemnt, men Tom Schmidt (i BØ 1 s. 35) peikar på at *Svipa* ikkje er belagt som tilnamn i norrønt, og at det heller ikkje er kjent som elvenamn i Noreg. For *Svebastad* kunne det kanskje tenkjast eit bekkenamn som føreledd, skyldt gno. *svipr* m. ‘rask rørsle, sving’ m.m. og *svipligr* adj. ‘som kjem og fer snøgt, snargjengd’, jf. elles det nemnde gno. *svipull* adj. ‘kortvarig, forgjengeleg’, dessutan Odin-namnet gno. *Svipall* (Snorri Sturluson 1900 s. 25), som også har samband med denne språkrota, det sistnemnde med opphavleg tyding ‘den omskiftelege, foranderlege’ (de Vries 1962 s. 571). Bakgrunnen til føreleddet i namnet *Svebastad* må seiast å vera uviss. Det synest rimeleg å rekna øydegardsnamnet *Svebastad* som eit gammalt busetnadsnamn av *stad*-klassen.

## 2.5. Svertingstad

Bruksnamnet *Svertingstad* under matrikkelgarden Håland i Time er skrive *Suertingstad* i 1668 og *Sverchingstad* i 1723 (NG 10 s. 140). Føreleddet er tolka som mannsnamnet gno. *Svertingr*, som er kjent frå tidleg på 900-talet på Island, og også godt kjent i Noreg i mellomalderen, særleg i Rogaland. Ifølgje gardshistorikaren Birger Lindanger (Waula & Lindanger 2006 s. 26) er det i dette området gravhaugar som viser busetjing i bronsealderen og eldre jernalder. Det er dessutan tufter etter små og større hus som vitnar om busetjing i ein lang periode i førhistorisk tid. *Svertingstad* synest kunna reknast som eit busetnadsnamn av *stad*-klassen frå førhistorisk tid.

## 2.6. Freistad

Frå matrikkelgarden Stora Undheim i Time omtalar Lindanger (Waula & Lindanger 2011 s. 382 f.) øydegarden *Freistad* (uttala /'freista/), der det er registrert eit førhistorisk gardsanlegg som han reknar med går attende til folke-

vandringstida. Lindanger (loc. cit.) tolkar namnet som ‘Fredriks stad’, med andre ord som samansett med mannsnamnet gno. *Friðrekr* (dvs. *Fredrik*). Dette personnamnet har ein rekna med i matrikkelgardsnamnet *Friestad*, som førekjem to stader på Jæren, nemleg i Klepp og Hå. I den nedarva lokale uttalen av namnet *Friestad*, som er /<sup>ʰ</sup>fri:est/, har *a*-en i etterleddet falle, i samsvar med regelen om at *staðir*-namn på Jæren med føreledd på opphavleg to eller fleire stavingar får *a*-bortfall i etterleddet. Sidan uttalen av namnet frå Stora Undheim er /<sup>ʰ</sup>freista/, synest ikkje tolkinga til dette mannsnamnet, gno. \**Friðreksstaðir*, vera rimeleg. Ein skulle i så fall ha venta bortfall av *a*-en i sisteleddet. Opphavet til namnet *Freistad* må seiast å vera uvisst. Ein kunne kanskje tenkja seg at føreleddet har samanheng med verbet *freista* (\**Freist-*) med real bakgrunn i store utfordringar med rydding av denne garden, som ligg i eit



Fig. 2. Frå gardsbruket *Snorestad* (uttala /<sup>ʰ</sup>snå:rest/) og *Snorestadtjørnane* på matrikkelgarden Skorland (Time). Føreleddet i namnet *Snorestad* er truleg gno. *snara* f. ‘snare’, gno. \**Snørustaðir*, med bakgrunn i fuglefangst med snarer. I og med at føreleddet opphavleg har hatt to stavingar, har *a*-en i sisteleddet falle bort i den nedarva lokaluttalen. Foto: Inge Særheim.

steinete morenelandskap. Mange gardsnamn på Jæren har eit føreledd som siktar til steinlende, t.d. *Grødaland*, *Grødheim* (gno. *grjót* n.), *Madland* (samband med gno. *mōl* f.), *Årsland* (truleg gno. *aurr* m.) og *Kvassheim* (steinete grunn). *Freistad* synest kunna reknast som eit busetnadsnamn frå førhistorisk tid.

## 2.7. Snorestad

Frå Time kan også nemnast *Snorestad*, som no er eit bruk under matrikkelgarden Skorland (fig. 2). Den lokale uttalen er /"snå:rest/, med bortfall av *a*-en i sisteleddet. Dette samsvarar med den nemnde regelen i og med at namnet venteleg er samansett med gno. *snara* f. 'snare', gno. \**Snōrustaðir*, vel med bakgrunn i snarefangst. Ifølgje Lindanger (Waula & Lindanger 2011 s. 561 f.) var det gard på Snorestad både i folkevandringstida og høgmellomalderen. Her finn ein både gravhaug og gamle rydningsrøyser. Også *Snorestad* må kunna reknast som eit busetnadsnamn frå førhistorisk tid av *stad*-klassen.

## 2.8. Nyvlest

Frå Hå kommune kan nemnast *Nyvlest* (*Nyvlestad*), som no er namn på eit bruk under den store og sentrale matrikkelgarden Varhaug (Sør-Varhaug). Den lokale uttalen /"nyvlest/ viser *a*-bortfall i sisteleddet gno. *-staðir* i samsvar med den nemnde regelen, dvs. med eit føreledd på opphavleg to eller fleire stavingar. Føreleddet har venteleg samband med ordet *nyvle* f. 'lite horn, hornstubb, horntapp', som også er nytta i tydinga 'liten, rundvoren topp, haug' (NO 8 sp. 580). Ordet er skyldt *nuv* m. 'rundvoren topp, høgd; koll'. Real bakgrunn for namnet er truleg ein eller fleire særmerkte haugar og høgder i landskapet, kanskje den store og markante gravhaugen *Nyvlesthøyen* (fig. 3), som er ca. 25 m i diameter. Slike storhaugar, som det finst mange av på Jæren (Reiersen 2017 s. 169), er gjerne frå bronsealderen, ev. frå eldre jernalder. Etterleddet *-høyen* er vanleg i namn frå sør i Hå med eit etterledd svarande til *-haugen*; diftongen *au* er her først monoftongert og seinare diftongert til *øy* (uttala *åy*) framfor *g* og høg fremre vokal (opphavleg *i*).

Myhre (2013 s. 248) nemner *Nyvlest* som eitt av fleire døme på lokalitetsnamn som representerer eit typisk gardsnamn frå jernalderen; slike namn fortel om tidlegare gardsdrift på denne staden. Her finn ein i tillegg til den nemnde storhaugen tuftene til ein av dei største jernaldergardane og nokre av dei lengste hustuftene frå eldre jernalder på Jæren; den lengste skal vera 75 m lang (Myhre op. cit. s. 249 f., Reiersen 2017 s. 159, 161, 163). Hustuftene ligg ved sida av kvarandre på ein morenerygg der det er vidt utsyn over sjøen og tunområdet på sentralstaden Sør-Varhaug. Myhre (op. cit. s. 250) tenkjer seg *Nyvlest* som ein av fleire tunstader på garden Sør-Varhaug. Det kan nemnast at Jæren,





Fig. 3. Den store gravhaugen *Nyvlesthøyen* på gardsbruket *Nyvlest* (*Nyvlestad*) på matrikkelgarden Sør-Varhaug (Hå) er ca. 25 m i diameter. *Nyvlest* er eit gammalt øydegardsnamn på *-stad*. På denne staden finn ein også særst lange hustuffer frå eldre jernalder, den lengste på ca. 75 m. Foto: Inge Særheim.

ifølgje Reiersen (op. cit. s. 163) har meir enn dobbelt så mange langhus (hus på meir enn 40 m) frå denne perioden som resten av landet (Noreg). På tre av stadene, bl.a. på *Nyvlest*, finn ein hus på over 70 m, alle desse tre stadene ligg i noverande Hå kommune, nemleg i dei tidlegare herada Varhaug og Nærbø. I og med at namnet *Nyvlest* er så tett knytt til øydegardstuffer frå eldre jernalder og ein stor gravhaug, synest det rimeleg å rekna dette som eit busetnadsnamn frå førhistorisk tid av *stad*-klassen, kanskje frå sein romersk jernalder eller folkevandringstida.

Av døma som er nemnde, går det fram at fleire moglege øydegardsnamn på *-stad* frå dette området er knytte til hustuffer og anna arkeologisk materiale frå førhistorisk tid. På fleire stader som er omtala, har arkeologar og gardshistorikarar rekna med busetjing i eldre jernalder, med andre ord i perioden før øydetida som tok til ca. 550 e.Kr. Venteleg går også dei eldste busetnadsnamna av denne typen attende til tida før denne øydeperioden.

### 3. Parallellar til øydegardsnamna på *-stad* blant matrikkelgardsnamna på *-stad*

Som det går fram av døme som er nemnde ovanfor, og av døme som følgjer, finst det parallellar til mange av øydegardsnamna på *-stad* frå det undersøkte området blant matrikkelgardsnamna av denne typen. Det gjeld t.d. dei omtala *\*Rappstad* og *Fjogstad*, dessutan namn som *\*Ævestad*, *\*Gjellestad*, *Skogstad*, *Hogstad*, *Gunnarstad* og *Årstad*. Dette ser ut til å gjelda ca. halvparten av dei moglege øydegardsnamna på *-stad*. At det finst mange parallellar blant matrikkelgardsnamna på *-stad*, kan tyda på at øydegardsnamna på *-stad* er av same typen som matrikkelgardsnamna av denne klassen.

I dette området finst det likevel klart fleire døme på parallelle namn blant øydegardsnamn og matrikkelgardsnamn av *land*-klassen (Særheim 2020 s. 35). Heile 23 av dei 29 øydegardane med *land*-namn i Rogaland som Petersen undersøkte i 1930-åra, har namneparallellell blant matrikkelgardane. Det finst fleire unike lagingar blant *stad*-namna enn blant *land*-namna, noko som både synest gjelda for øydegardsnamna og matrikkelgardsnamna.

### 4. Rekonstruerte gardsnamn på *-stad*

Som dømet *\*Rappstad* av *Rappstadneset* viser, må det gamle busetnadsnamnet stundom rekonstruerast ut frå eit samansett naturnamn med vedkomande øydegardsnamn som føreledd. Dette finst det også mange døme på blant øydegardsnamna på *-land*, som *\*Lyngaland* av *Lyngalandsberget* og *\*Vatland* av *Vatlandsdalen* mfl. (Særheim 2020 s. 27 f.).

Frå Lund kan nemnast sekundærnamn som *Åmstadjellet*, *Åmstadvatnet*, *Åmstadknuden*, *Åmstadhola* og *Åmstadskaret*, som alle synest innehalda eit eldre øydegardsnamn *\*Åmstad* (Mehus 1961 s. 605). Føreleddet er etter alt å døma trenemnet *alm* m., som i gardsnamna *Åmdal*, *Åmli*, *Åmland* mfl.

Bruksnamnet *Ævestvollen* (fig. 4) under garden Varhaug i Hå inneheld truleg eit tidlegare gardsnamn *\*Ævestad*. Dette namnet finst faktisk som matrikkelgardsnamn i Hå, med uttalen /'æ:vest/, skrive *Ewastad* 1519, *Æwestad* 1521, *Effuiesta* 1563 og *Euist* 1606. I NG (10 s. 121) held ein også her på personnamnteorien og tolkar føreleddet som eit mannsnamn, anten gno. *Øyvindr* eller *Ævarr*. Rimelegare synest samansetjing med gno. *efja* f. 'evje, vik i elv', noko som synest høva realt for dei to stadene med dette namnet. Gardsbruket *Ævestvollen* ligg ned til Reiestadbekken, mellom denne bekken og Brattlendsåna, der dei to vassføringane renn saman (Særheim 2007 s. 265).



Fig. 4. Gardsbruket *Ævestvollen* under Sør-Varhaug (Hå). Som føreledd i dette namnet finn ein truleg eit gammalt øydegardsnamn på *-stad*, \**Ævestad*, med uttalen /'æ:vest/ i jærdialekten. Namnet *Ævestad* /'æ:vest/ finst også som namn på ein matrikelgard i Hå. Foto: Ingrunn Vassbø Særheim.

Eit anna døme er \**Gjellestad* (uttala /'jedlesta-/) frå Hovland på Eigerøy (Eigersund), som kan rekonstruerast ut frå naturnamnet *Gjellestadviga*. Dette er eit område med kystbuplassar og stor fangstaktivitet i tidlegare periodar, bl.a. i steinalderen. Føreleddet i dette namnet har blitt sett i samband med gno. *gjalla* vb. 'gjalla, klinga, skrika' og *gjallr* adj. 'skarp, gjennomtrengande (om lyd)', med real bakgrunn i sjøbrotet mot land, noko som høver realt (Midbrød 1954 s. 115 f., Særheim 2001 s. 47). *Gjellestad* finst elles som gardsnamn i Østfold, bl.a. i Berg, der NG (1 s. 219) med grunnlag i skrivemåtar frå mellomalderen, jf. i *Giellastaudum* 1367, *Giellastad* ca. 1400, har rekna med ei elvenamnstamme gno. *gjall-* og bakgrunn i sterk, skarp, gjallande lyd. I BØ 16 (s. 86 ff.) peikar Schmidt på at føreleddet er fleirtydig, og han opnar også for eit mogleg mannstilnamn gno. \**Gjalli* eller helst \**Gelli*, det sistnemnde som parallell til det svenske mannsnamnet *Gälle*, eigentleg 'den skrikande'. SOL (s. 110 f.) reknar med dette namnet (gsv. *Gælle*; jf. Janzén i NK 7 s. 245) i soknenamnet *Gällersta* frå Närke, skrive *Giellestum* 1314?, dessutan i *ryd*-namnet *Gällared* (*parochia Gialleryth* 1309) frå Halland. Men i soknenamnet *Gällaryd* (*Gyellerydh* 1290, *Gelluryth* 1299) frå Småland føreslår SOL (s. 111) samansetjing med eit elvenamn som er laga til gsv. *gælla* vb. 'skrika, ropa', eit tolkingsframlegg som også blir diskutert for tettstadnamnet *Gällstad* (*Gelstadh* 1335) frå Västergötland (SOL loc. cit.). Real bakgrunn i skarp, gjennom-

trengande lyd av sjøbrotet synest rimelegare for \**Gjellestad* frå Eigerøy enn samansetjing med eit mogleg mannstilnamn gno. \**Gjalli* eller \**Gelli*.

## 5. Andre namn på *-stad* – nokre avgrensingar

Som allment kjent ord i språket er ordet *stad* m. ‘plass, stad’ nytta på ulike måtar i stadnamn; ein finn det ikkje berre i gamle gardsnamn av *stad*-klassen. Det er nytta i meir generell tyding om bl.a. ‘plass (stad) der noko finst’ og ‘plass (stad) der ein viss aktivitet finn stad’. Namn med slike bruksmåtar av ordet må sjølv sagt haldast ute frå dei gamle busetnadsnamna med dette ordet. Namnet *Skiljingstad* frå Laksesvela (Bjerkreim) – og fleire andre namn som inneheld lagingar til substantivet *skiljing* og verbet *skilja* – har bakgrunn i skiljing av husdyr, altså stader der ein skilde bufe. Føreleddet i naturnamnet *Mjelkestadholet* (Steinberg, Sokndal) siktar til mjølkestad i utmarka.

Nokså vanleg er namnet *Kjerstad(en)*, dessutan føreleddet *Kjerstad-* i samansette namn, som har bakgrunn i fiske og siktar til stader i bekker der ein har hatt fiskekjer (kar). Døme er *Kjerstaden* (Mellomstrand, Time; her fanga ein ål), *Kjerstadbakkan* (Heresvela, Hå) og *Kjerstadholen* (Håland, Time). Namnet *Mærstadlona* (Hytland, Bjerkreim) har bakgrunn i merder til fiskefangst, altså ein *merdstad*. Eit namn som *Tjelmstadmyra* (Undheim, Time) har som føreledd det samansette ordet *hjelmstad*, som siktar til ein lagringsstad (hjelm), truleg ein høyhjelm til lagring av høy. *Bådstad* (uttala /"bå:sta/) er båtstasjon (*båtstad*) for gardane Haga og Meling i Sola, medan *Bandstadviga* på øya Rott i Sola har bakgrunn i ein fortøyingssstad (*bandstad*) for båtar.

I slike høve er det vel helst tale om lagring til samansette appellativ, brukt om stader der noko føregår, der noko står, eller der noko finst, som *skiljingstad*, *mjelkestad*, *kjerstad*, *merdstad*, *hjelmstad*, *båtstad* og *bandstad*. Namn som inneheld slike samansette ord, har sterk appellativ karakter, og tilsvarende svak propriumkarakter. Det finst elles norske busetnadsnamn på *-stad* som er laga til eintalsforma av dette ordet, t.d. gno. *Ruðstaðr*, *Kvernstaðr* og *Kerstaðr* (jf. NG Indl. s. 76). Slike namn, som gjerne har appellativ karakter, må skiljast frå namna med fleirtalsform, gno. *-staðir*, pga. stor ulikskap mellom dei to typane.

## 6. Ending på *-sta* eller *-st*?

Eit særdrag ved gardsnamna med endinga *-stad* på Jæren er, som nemnt, at dei fleste namna har ei avkorta ending utan *a* i ordet *stad*. Namnet *Gudmestad* blir t.d. uttala /"godmest/, medan *Oppstad* derimot får uttalen /"opsta/. Avkortinga

gjeld namn der føreleddet i norrønt opphavleg har hatt to eller fleire stavingar, t.d. gno. \**Guðmundarstaðir* > /"godmest/, men \**Uppstaðir* > /"opsta/. Dette systemet ser ut til å vera gjennomført utan unntak for matrikelgardsnamna på *-stad*.

ING (10 s. 158) skriv Olsen at uttalen av namnet *Reiestad*, vel gno. \**Reiðarsstaðir*, i Varhaug (Hå) er unntak frå denne regelen. Dei fører nemleg opp ein målføreuttale /"reista/ (op. cit. s. 117, 158). Men dette stemmer ikkje. Nedarva dialektuttale av dette namnet er /"reiest/, så også uttalen av dette namnet stemmer med den nemnde regelen. I innleiingsbandet har NG (NG Indl. s. 78) rett uttaleform av namnet *Reiestad*.

Også for øydegardsnamna på *-stad* frå dei tre Jær-kommunane Hå, Time og Klepp ser denne regelen ut til å vera gjennomført. Det gjeld t.d. det omtala *Nyvlest*, der føreleddet truleg er skyldt ordet *nyvle* f. 'hornstump', jf. også gno. (*h*)*nýfill*, *knýfill* m. 'lite horn', som siktar til ein eller fleire haugar. Det gjeld også det nemnde *Snorestad*, uttala /"snå:rest/, med føreleddet gno. \**Snøru-* (av *snara* f.), venteleg med bakgrunn i snarefangst av fuglar. Det gjeld dessutan det nemnde *Ævestvollen*, truleg med eit opphavleg føreledd gno. \**Efju-*.

Det einaste unntaket frå denne regelen synest vera *Svertingstad*, uttala /"svertingsta/, vel samansett med mannsnamnet gno. *Svertingr*. Kanskje føreledd på *-ing* er unntak frå denne regelen. Det synest ikkje finnast føreledd på *-ing* blant matrikelgardsnamna på *-stad* frå dette området som ein kan jamføra med. Namn med einstava føreledd, t.d. *Brunstad* (gno. *brún* f.) frå Tu (Klepp), har ikkje fått avkorta form, med andre ord i samsvar med regelen.

At også dei moglege øydegardsnamna på *-stad* frå dette området følgjer den nemnde regelen, er eit merke på at desse namna er av same type som matrikelgardsnamna på gno. *-staðir*.

## 7. Personnamnføreledd eller andre føreleddstypar?

Tradisjonelt er det, som nemnt, rekna med at ein stor del av busetnadsnamna av *stad*-typen har eit personnamn eller persontilnamn – oftast eit mannsnamn eller mannstilnamn – som føreledd, gjerne med bakgrunn i ein person som har grunnlagt garden, ev. budd der ei tid (NG Indl. s. 78, Olsen 1926 s. 96, i NK 5 s. 25). Dette blir sett i samanheng med overgang frå storfamilie til einskildfamilie ved oppbrot frå den gamle ættegarden og grunnlegging av ny buplass i nærleiken. I NG 10 reknar Rygh og Olsen med slike føreledd i 80–90 % av namna frå Rogaland. I seinare tid er det stilt spørsmål ved denne teorien, og fleire forskarar har rekna med langt færre personnamnføreledd i desse namna. Sjølv meiner eg at noko over 30 % av *stad*-namna i Rogaland har personnamn-

føreledd (Særheim 2006 s. 160), men det synest vera regionale skilnader. Flest døme finn ein i Nord-Rogaland, der ca. 45 % av namna har slike føreledd, bl.a. opplagde døme som *Sigmundstad*, *Ingvaldstad*, *Roaldstad*, *Kjetilstad* og *Haraldstad*. Ca. 25 % av *stad*-namna frå Sør-Rogaland ser ut til å ha personnamnføreledd. Men det må understrekast at tolkingane er uvisse for mange namn av denne klassen. Ca. 27 % av matrikkelgardsnamna på *-stad* frå det undersøkte området synest vera samansette med eit personnamn.

Når det gjeld registrerte øydegardsnamn på *-stad* frå det undersøkte området, synest berre to innehalda nokså 'sikre' personnamnføreledd, nemleg *Gunnarstad* (Roda, Finnøy; gno. *Gunnarr*) og det omtala *Svertingstad* (gno. *Svertingr*). Om ein tek med meir usikre, men moglege øydegardsnamn med personnamnføreledd, vert talet 12, dvs. halvparten av namna. Kanskje ligg det reelle talet ein stad mellom 20–30 %, med andre ord nokså likt talet (27 %) på personnamnføreledd i matrikkelgardsnamna på *-stad* i dette området.

Øydegardsnamn der det kan reknast med eit usikkert, men kanskje mogleg personnamnføreledd, er dei nemnde *\*Rappstad* (*Rappr*), *Sverkestad* (*Sverkir*), *\*Ævestad* (*Ævarr*), *Fjogstad* (*\*Fljúgr*) og *Fleg-/Fløgstad* (*Fljúgr*), dessutan *Bollestad* (*Bolli*), *Årstad* (*Ormr*), *Svebastad* (gno. *\*Svipaldr*, *\*Svipall*), *\*Gjellestad* (jf. ovanfor) og *\*Hopaldstad* (jf. nedanfor). Men for fleire av desse usikre døma synest personnamntolkinga vera mindre rimeleg enn eit alternativt framlegg. Det gjeld særleg *\*Ævestad*, *Fjogstad* og *Fleg-/Fløgstad*, men også *Svebastad*, *\*Gjellestad* og *\*Hopaldstad*. For nokre andre namn kan personnamntolkinga kanskje synast mest rimeleg, t.d. for det omtala *\*Rappstad* (gno. *Rappr*), dessutan for *Årstad* (gno. *Ormr*) frå Roda (Finnøy; Petersen 1933 s. 116), og for *Bollestad* under matrikkelgarden Hovsmo i Lund, som ifølgje Mehus (1961 s. 490) er samansett med mannsnamnet gno. *Bolli*. Her skal det vera ei stor hustuft og nokre gravhaugar (loc. cit.). For det likelydande matrikkelgardsnamnet i Gjesdal kan det derimot synast vel så rimeleg å tolka føreleddet som gno. *bolli* m. 'bolle, kopp' med bakgrunn i den runde høgda Berget like ved gardstunet (Særheim 2007 s. 34).

Tolkinga av *\*Hopaldstad* er noko uviss. Namnet er skrive i *Nørsthusom i Hopalstodhom* 1440 (påskrive *firir Hopalstodhom*), i *nør(dra) H.* 1442 (påskrive *firir Hopalstodhom Nørsthusom*), i *Hoppalzsthadha* 1446 (påskrive *um Hopalstadher*), i *Hopalstadhom*, *Hopalstodhom* 1447 (påskrive *um Hopalstadher*), *Hopalzstadher* (akk.) 1448, a *Nordhusom i Hopalstadhom* 1459. Namnet synest vera nytta om gardane Østhus, Mehus og Nordhus aust på Rennesøyna (NG 10 s. 265).

NG (loc. cit.) føreslår gno. *\*Hopalsstaðir*, samansett med eit elles ukjent mannstilnamn *\*Hopall*, laga til *hopa* vb. 'ryggja, gå baklengs'. Minst like rimeleg synest samband med gno. *\*hópr* m. 'vik, bukt, hop' og eit *ald-* 'høg', som ligg føre i nokre stadnamn, svarande til latin *altus* adj. 'høg, djup'. Ein

finn det sistnemnde i fleire øynamn, bl.a. *Alden* (Askvoll, Sogn og Fjordane) og truleg *Roald* (Giske, Møre og Romsdal), NSL s. 68, 367. Real bakgrunn for namnet frå Rennesøy kan i så fall vera at garden låg i ei stor innbukting i terrenget under ei høgd (Særheim 2007 s. 107). For tydinga av føreleddet kan då jamførast med fjellnamnet *Storekvævknuden* i Sirdal, 'fjellet ved den store kvelven'. Like ovanfor kvelven der \*Hopal(d)stad har lege, finn ein matrikelgardsnamnet *Roaldstad*, som også kanskje inneheld nemnet *ald-*, dessutan gno. *ró* f. 'krå' Dei to gardsnamna kan vera gjevne i høve til kvarandre (loc. cit.). For tydinga av føreleddet *Roald-* kan det i så fall jamførast med fjellnamnet *Kråknuden*, som førekjem tre stader i Øvre Sirdal. NG (10 s. 262 f.) tolkar føreleddet i *Roaldstad* som mannsnamnet gno. *Róald*, i samsvar med personnamnteorien, men i gardsnamnet *Roaldkvam*, som førekjem to stader i Nord-Rogaland, reknar NG (10 s. 282) med at føreleddet er ei samansetjing av gno. *ró* f. 'krok, krå' og *ald-* 'høg'.

Meir enn halvparten av øydegardsnamna på *-stad* synest med andre ord ikkje ha eit personnamn som føreledd. Det gjeld t.d. dei nemnde \**Åmstad* (gno. *almr* m. 'alm'; Mehus 1961 s. 605), *Nyvlest* (samband med *nyvle* f. 'lite horn, hornstub; liten, rundvoren topp, haug'), *Snorestad* (gno. *snara* f. 'snare'), *Brunstad* (gno. *brún* f. 'kant, bakkekant, brot'), \**Gjellestad* (samband med gno. *gjalla* vb. 'gjalla, klinga, skrika' og *gjallr* adj. 'skarp, gjennomtrengande (om lyd)', med bakgrunn i sjøbrotet mot land).

Andre namn som ikkje synest innehalda eit personnamnføreledd, er *Skogstad* (2 g., på Hogstad og Røydland, båe Eigersund; gno. *skógr* m. 'skog'), \**Hogstad* (jf. *Hogstadholen*, Øvre Espedalen, Forsand; gno. *haugr* m. 'haug'; Engen 1995 s. 445), \**Hegjelstad* (jf. *Hegjelstadholen*, Kyllingstad, Gjesdal; gno. *hégeitill* m. 'hard knute i stein, kvarts'), *Kjervastad* (Austrått, Sandnes; gno. *kerfi/kirfi* n. 'kjerne, bunt av noko som er avskore; lauvknippe, nek'; Myhre 1972 s. 95), *Skipstad* (Grøsgjel, Lund; gno. *skip* n. 'skip, båt') og *Primstad* (Skrettingland, Hå; uvisst opphav, kanskje samband med nyno. *prim* m. 'prim, mysost som er lite innkøkt', ev. *brim* n. 'skum, brenning', med real bakgrunn i ein bekk).

## 8. Litt om alderen til busetnadsnamna på *-stad*

Olsen (1926 s. 95 f.) daterer dei norske *stad*-namna til vikingtida og dei to føregåande hundreåra, dei eldste laga om lag 650 e.Kr., altså i merovingartida. Forskarar vil no gjerne datera dei eldste namna av denne typen (i utvalde område) til folkevandringstida eller sein romersk jernalder (Fett 1946 s. 40, Sandnes 1965 s. 144, 2000 s. 58, Stemshaug 1985 s. 105, Særheim 1985 s. 54,

2001 s. 42 ff.). Svenske namn av denne typen er ifølgje Vikstrand (2013 s. 59 f.) og SOL (s. 299) laga under ein lang tidsperiode med tyngdepunkt i romartida, men også i noko mon i folkevandringstida og vendeltida (merovingartida). Danske namn er av Kousgård Sørensen (1958 s. 239 f.) tidfeste til ca. 500–1000 e.Kr.

Ifølgje Myhre (1984) er det arkeologisk funnmateriale frå perioden 1500 f.Kr.–300 e.Kr. på 30,6 % av matrikkelgardane på Jæren med namn på *-stad*. For matrikkelgardane med *land*-namn er talet 22,4 %. Arkeologen Odmund Møllerop (Bakka & Møllerop 1963 s. 68) skriv at arkeologisk funnmateriale frå Rogaland tyder på at det kan ha vore teke opp *stad*-gardar i heile perioden frå det 5. hundreåret til vikingtid og mellomalder, med eit påfallande tyngdepunkt innom det 5. og 6. hundreåret. Det er her viktig å ta med i vurderinga at eit arkeologisk funn, t.d. eit gravfunn, sjølv sagt ikkje utan vidare vil datere gardsnamnet der vedkomande funn er gjort. Stundom er det vanskeleg å vita kva for ei gardsbusetjing eit førhistorisk spor er knytt til. Gravfunn kan stundom gje eit skeivt bilete av den førhistoriske busetjinga i eit område, jf. Løken & Særheim 1990 s. 181. Arkeologisk materiale, t.d. førhistoriske hustufter som er daterbare, synest likevel ofte kunna gje indikasjonar om alderen til eit busetnadsnamn som er knytt til slike tufter.

Nyare arkeologisk og landbrukshistorisk forskning, bl.a. flateavdekking, i det undersøkte området viser at det har vore (dels samanhengande) landbruk sidan yngre steinalder og eldre bronsealder på mange stader; dette har faktisk vore mønsteret ved utgravingar i seinare tid. Dette gjeld bl.a. på stader der ein i dag kan finna gardsnamn på *-bø*, *-land*, *-stad*, *-heim* og *-vin*, t.d. på Orstad i Klepp. Men ein kan sjølv sagt ikkje utan vidare gå ut frå at gardsnamn med slike etterledd er like gamle som dei eldste spora etter landbruksbusetjing på vedkomande stader (Særheim 2020 s. 42). Truleg er dei eldste busetnadsnamna med etterledd som *-vin*, *-heim*, *-land* og *-stad* laga i sein romersk jernalder eller folkevandringstida, etter etableringa av garden som institusjon (Myhre 2002 s. 135 ff., 164).

Vurderinga av ulike dateringskriterium, bl.a. arkeologisk materiale, skatte-taksten i mellomalderen, gardsnedlegginga i øydeperiodar, geografisk leie, gardsgrenser, jordgrunn m.m. (jf. Særheim 2001) gjev grunnlag for å konkludere med at busetnadsnamna av *stad*-klassen gjennomgåande er eldre enn Rygh og Olsen har rekna med. Det ser ut som namna av denne typen i det undersøkte området kan førast attende til same perioden som *land*-namna (Særheim 1999 s. 341 ff.). At fleire øydegardsnamn på (særleg) *-land*, men også på *-stad* (jf. bl.a. omtalen av *Nyvlest* ovanfor), er nær knytte til øydetufter som er daterte til romersk jernalder, er ein indikasjon på at også dei eldste namna av desse to namneklassane i utvalde område kan førast attende til eldre jernalder. Det er føreset at slike namn er traderte munnleg til nyare tid, bl.a. som naturnamn og teignamn (ev. som føreledd i slike namn), noko ein truleg kan rekna med pga.



kontinuerleg bruk av stadene til landbruksføremål (beite, grasslått o.a.) av ein nærliggjande gard. Desse to namnetypane synest kunna setjast saman med to ekspansjonsperiodar i jordbruket i det første tusenåret e.Kr., den eine i romartida og folkevandringstida, den andre i merovingartida og vikingtida, med eit opphald i øydetida 550–650 e.Kr. Båe namnetypane har med andre ord vore produktive i ein lang tidsperiode.

## 9. Oppsummering

Undersøking av øydegardstufter har vore viktig i landbruks- og busetjingshistorisk forskning, noko som bl.a. går fram av undersøkingane til Petersen (1933, 1936) og Myhre (1972, 2002). Også øydegardsnamna kan seiast å vera viktige kjelder; dei er nøklar i granskinga av dei gamle busetnadsnamna. Særleg øydegardsnamna på *-land* har vore undersøkte (jf. Særheim 1999, 2020); dei synest vera av same type som matrikkelgardsnamna på *-land*. Mange øydegardsnamn på *-land* er knytte til busetnadsspor (hustufter) frå eldre og yngre jernalder (Petersen 1933, 1936).

Også øydegardsnamn på *-stad* kan reknast som viktige kjelder i granskinga av eldre busetnadsnamngjeving. Fleire av dei er, som nemnt, knytte til førhistoriske busetnadsspor, frå eldre eller yngre jernalder. Om lag halvparten av øydegardsnamna på *-stad* frå Sør-Rogaland har parallellar blant matrikkelgardsnamna av denne klassen. Øydegardsnamna på *-stad* frå dette området viser fleire likskapar med matrikkelgardsnamna av denne klassen, bl.a. når det gjeld føreleddstypar og avkortinga av etterleddet *-stad* til *-st* ved føreledd med to eller fleire stavingar. Slike namn synest vera av same typen – og truleg same alder – som matrikkelgardsnamna på *-stad*, venteleg laga over ein lang tidsperiode, dei eldste i eldre jernalder, dei yngste i vikingtida.

## Litteratur

- Aurenes, Ola, [1952]: Høyland gards- og ættesoge gjennom 400 år 1500–1900. Utg. av Høyland kommune. Stavanger.
- Bakka, Trygve & Møllerop, Odmund, 1963: Stedsnavn og arkeologi i Rogaland. I: Stavanger museum. Årbok. S. 15–76.
- Engen, Sigleif, 1989: Forsandboka. Gards- og ættesoge 3. Forsand.
- Fett, Per, 1946: Staðir-gardar frá 400-talet. I: MM. S. 35–41.
- Hauken, Åsa Dahlin, 2005: The Westland cauldrons in Norway. Stavanger. (AmS-skrifter 19.)
- Kousgård Sørensen, John, 1958: Danske bebyggelsesnavne på *-sted*. København. (Navnestudier udg. af Stednavneudvalget 1.)

- Løken, Trond & Særheim, Inge, 1990: Førhistorisk landsby på Forsandmoen – med sammenhengende busetjing frå yngre bronsealder til folkevandringstid – kastar nytt lys over eldre norsk busetjingshistorie. I: Namn og eldre busetnad. Rapport frå NORNA's femtande symposium på Hamar 9.–11. juni 1988. Red. av Tom Schmidt. Uppsala. (NORNA-rapporter 43.). S. 175–195.
- Mehus, Ingjald, 1961: Lunds historie 1. Gårdens og slektens liv. Utg. av Lund bygdeboklag. [Moi.]
- Midbrød, Arvid 1954: Stedsnavn og kulturminner. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 111–118.
- 1963: Stedsnavnstudier. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 56–63.
- Myhre, Bjørn, 1972: Funn, fornminner og ødegårder. Jernalderens bosetning i Høyland Fjellbygd. Stavanger.
- 1984: Bosetning og gårdsnavn på Jæren. I: Bebyggelsers og bebyggelsesnavnes alder. NORNA's niende symposium i København 25–27 oktober 1982. Red.: Vibeke Dalberg & al. Uppsala. (NORNA-rapporter 26.). S. 169–198.
- 2002: Norges landbrukshistorie 1. Oslo.
- 2013: Hovdingsamfunnet i Hå i romartid og folkevandringstid (1–550 e.Kr.). I: Hå kulturhistorie 1. Red.: J.B. Bøe & M. Smith-Solbakken. Trondheim. S. 243–289.
- Olsen, Magnus 1926: Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst. Oslo–Leipzig–Paris–London–Cambridge, Mass.
- Petersen, Jan, 1933, 1936: Gamle gårdsanlegg i Rogaland 1–2. Oslo. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning.).
- Reiersen, Håkon, 2017: Elite milieus and centres in western Norway 200–550 AD. PhD-thesis. University of Bergen. Bergen.
- Sandnes, Jørn, 1965: Namdalens historie til år 1600. Namsos.
- 2000: *Stad*-forskning og *stad*-navn i Norge. I: NoB 88. S. 53–67.
- Snorri Sturluson, 1900: Edda. Udg. af Finnur Jónsson. København.
- Stemshaug, Ola, 1985: Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamngransking. 3. utg. Oslo.
- Særheim, Inge, 1985: *Oppsta, Ævest, Nylst*. Litt om *stad*-namn på Jæren. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 12–58.
- 1999: Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på *-land*. Avhandling for dr.philos.-graden. Universitetet i Bergen.
- 2001: Sørvestnorske *stad*-namn – føreledda og alderen til namna. I: NoB 89. S. 29–51.
- 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen.
- 2020: Sørvestnorske øydegardsnamn på *-land* – spegling av førhistorisk busetnadsnamngjeving? I: NoB 108. S. 19–46.
- Vikstrand, Per, 2013: Järnålderns bebyggelsenamn. Om bebyggelsenamnens uppkomst och ålder i Mälardalskapen. Uppsala. (Skrifter utg. av Institutet för språk och folkminnen. Namnarkivet i Uppsala Ser. B 13.)
- de Vries, Jan, 1962: Altnordisches etymologisches wörterbuch. Zweite verbesserte auflage. Leiden.
- Waula, Jørg Eirik, 2020: Bygdeborger i Rogaland. I: Rogalendinger i krig. Lokalhistorisk årbok for Rogaland. Stavanger. S. 7–63.
- Waula, Jørg Eirik & Lindanger, Birger, 2006, 2011: Time. Utg. av Time kommune. Stavanger. (Gard og ætt 2, 5.)

## Summary

### *Fjogstad, Nyvlest, \*Ævest*

South-west Norwegian *-stad* names for prehistoric deserted farms

By Inge Særheim

Archaeologists who have studied deserted farms from prehistoric times in south-west Norway, such as Jan Petersen and Bjørn Myhre, have pointed out that toponyms ending in *-stad* or (especially) *-land* are linked to a substantial number of such sites. These names are often identical to and seem to be of the same type as existing Norwegian farm names with these two final elements. Names ending in *-land* are discussed in an article in *Namn och bygd* 108 (Særheim 2020). In some cases, the old farm name can be reconstructed from a compound name denoting a topographical feature, e.g. *\*Gjellestad* from *Gjellestadviga* ('the Gjellestad bay') and *\*Rappstad* from *Rappstadneset* ('the Rappstad headland'). When interpreting toponyms ending in *-stad*, it is important to be aware that the noun *stad* m. 'place, location' is used in different ways in Norwegian place-names, not only in ancient farm and settlement names; the first element of the toponym *Mjelkestadholet*, for example, refers to a location where cows were milked (*mjelkestad*), while *Tjelmstadmyra* refers to a bog with a hay rack (*hjelmad*).

In the local pronunciation, old settlement names in *-stad* from the municipalities of Hå, Time and Klepp, containing a first element with two or more syllables, have lost the vowel *a* of the final ending (*-stad*), e.g. ON *\*Guðmundarstaðir* > /'godmest/. This system is also found in names of deserted farms, e.g. *Snårestad* /'snå:rest/ < ON *\*Snorustaðir*. NG suggests that most Norwegian *-stad* names – more than 80 per cent of those from Rogaland – contain a personal name or a nickname as their first element, a view that has been questioned by several onomasticians in recent times. In the area studied, a personal name or nickname probably forms the first element of around 20–30 per cent of names of existing settlements ending in *-stad* – as well as around 20–30 per cent of such names referring to deserted farms. The *-stad* names denoting prehistoric deserted farms in this area seem to be of the same type and age as existing settlement names with this ending – the oldest settlement names in *-stad* probably dating back to the Early Iron Age. Such names referring to deserted farms reflect and throw light on prehistoric naming of farms and settlements in Scandinavia.